

# Generelle vilkår for FoU-prosjekt

Generelle vilkår for FoU-prosjekt er ein integrert del av alle FoU-kontraktar for bidragsfinansiert forskning som blir inngått med Forskingsrådet, og gjeld dersom ikkje anna er avtalt skriftleg.

Desse generelle vilkåra gjeld frå 1.1.2021<sup>1</sup>.

## 1 Viktige omgrep

**Administrativt ansvarleg:** Stillingsinnehavaren som har fullmakt til å representere og forplikte den prosjektansvarlege overfor Forskingsrådet. Viss den prosjektansvarlege har oppnemnt ein eigen kontraktsansvarleg, vil vedkommande tre i staden for den administrativt ansvarlege når det gjeld fullmakt til å inngå og/eller endre avtaledokumentet i alle FoU-prosjekt som den prosjektansvarlege har med Forskingsrådet.

**Avtaledokumentet:** Dokument som partane signerer, og som inneheld avtalte presiseringar og reguleringar for prosjektet.

**Løyving:** Tilskotet Forskingsrådet har vedtatt å løyve til prosjektet, og som blir gitt med bindande verknad for eitt budsjettår om gongen.

**Direkte kostnader:** Kostnader som kan knytast direkte til gjennomføringa av prosjektet.

**Faktisk samarbeid:** Samarbeid mellom minst to uavhengige partar for å utveksle kunnskap eller teknologi eller for å nå eit felles mål på grunnlag av arbeidsdeling, der partane i fellesskap definerer omfanget av samarbeidsprosjektet, bidrar til gjennomføringa av det og deler risikoar og resultat. Éin eller fleire partar kan bere alle kostnadene knytte til prosjektet og dermed frita andre partar for finansiell risiko. Oppdragsforskning og yting av forskningstenester blir ikkje vurderte som ei form for samarbeid.

**Finansieringsplan:** Plan for korleis prosjektkostnadene skal finansierast gjennom prosjektperioden.

**Force majeure:** Upårekelege og ekstraordinære omstende som partane ikkje har kontroll over.

---

<sup>1</sup> Gjeld for prosjekt med søknadsfrist etter 1.1.2021

**Forskningsgenererte data:** Registreringar, notat og rapporteringar i form av tal, tekst, bilde og lyd som blir genererte eller oppstår undervegs i forskingsprosjektet.

**Forskningsinfrastruktur:** Utstyr, ressursar og tilknytte tenester som forskingsmiljøa bruker til å utføre forskning innanfor sine respektive fagområde. Dette omfattar blant anna vitenskapleg utstyr og utstyrsfasilitetar, kunnskapsbaserte ressursar, som samlingar, arkiv eller strukturert vitenskapleg informasjon som mogleggjer forskning, elektronisk infrastruktur (nettverk, berekningsressursar, lagringsressursar, programvare, grids) og all anna unik eining som er avgjerande for å kunne utføre forskning.

Forskningsinfrastrukturar kan vere samla på éin stad eller distribuerte (eit organisert nettverk av ressursar).

**FoU:** Forsking og utvikling.

**FoU-leverandør:** Aktør som i samsvar med avtaledokumentet skal levere eit FoU-arbeid på oppdrag frå den prosjektansvarlege og/eller eventuelle samarbeidspartnarar.

**Framdriftsplan:** Plan for gjennomføring av hovudaktivitetane i prosjektet, med delmål og milepælar.

**Immaterielle rettar:** Patent og alle andre rettar til tekniske løysingar, metodar, prosessar, prosedyrar, teikningar, prototyper, spesifikasjonar, design, kretsmønster og bedriftshemmelegheiter, uavhengig av om dei er patenterte eller registrerte eller kan patenterast eller registrerast, og alle opphavsrettar, databaserettar og andre nærståande rettar, rettar til varemerke, domene og andre forretningskjenneteikn og rettar verna etter marknadsføringsloven, uavhengig av om dei kan registrerast eller er registrerte.

**Indirekte kostnader:** Kostnader knytte til prosjektet sin forholdsmessige bruk av ressursar som ikkje kan knytast direkte til gjennomføring av prosjektet.

**Kommersiell utnytting:** Direkte eller indirekte bruk av prosjektresultat i utvikling og/eller marknadsføring av produkt, teneste eller prosess, eller overdraging og/eller lisensiering av prosjektresultat til tredjepart. Utgiving på forlag blir ikkje rekna som kommersiell utnytting.

**Kontrakten:** Avtaledokumentet, prosjektbeskrivinga, Generelle vilkår for FoU-prosjekt og eventuelle avtalte tilleggsdokument.

**Den kontraktsansvarlege:** Éin person som har fullmakt til å inngå og/eller endre avtaledokumentet i alle FoU-prosjekt som den prosjektansvarlege har med Forskningsrådet.

**Kostnadsplan:** Samla budsjetterte prosjektkostnader for prosjektperioden fordelt på kostnadstypar.

**Part/partane:** Den prosjektansvarlege og Forskningsrådet, kvar for seg eller samla.

**Prosjekt:** Den samla aktiviteten som blir omfatta av kontrakten.

**Den prosjektansvarlege:** Den som overfor Forskingsrådet er ansvarleg for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med kontrakten, tar imot løyvinga frå Forskingsrådet på vegner av seg sjølv og eventuelle samarbeidspartnarar som skal få støtte, og elles har forpliktingar etter kontrakten.

**Prosjektbakgrunn:** Kunnskap, inkludert immaterielle rettar, som den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarar bringar med seg inn i prosjektet.

**Prosjektbeskriving:** Fagleg og administrativ beskriving av og plan for gjennomføring av prosjektet.

**Prosjektfinansiering:** Dei ressursane som blir stilte til rådvelde for å dekke prosjektkostnadene.

**Prosjektkostnader:** Direkte og indirekte kostnader knytte til gjennomføring av prosjektet.

**Prosjektleiar:** Personen som på vegner av den prosjektansvarlege skal vareta den faglege framdrifta og gjennomføringa av prosjektet.

**Prosjektpartner:** Den prosjektansvarlege, samarbeidspartnaren og FoU-leverandøren.

**Prosjektperioden:** Perioden som prosjektet blir utført i, og som er angitt i avtaledokumentet.

**Prosjektrekneskap:** Rekneskap som viser prosjektkostnader og prosjektfinansiering.

**Prosjektresultat:** Alle resultat som blir skapte eller oppnådde i samband med prosjektet, inkludert immaterielle rettar, uavhengig av om resultatata er verna av lovgiving eller ikkje.

**Prosjektsamandrag:** Kortfatta, fagleg prosjektbeskriving som kan bli offentleggjord for allmenta.

**Samarbeidsavtale:** Avtale som regulerer blant anna arbeidsform, oppgåvefordeling og rettar og plikter mellom den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarar.

**Samarbeidspartner:** Aktør som i samsvar med avtaledokumentet skal gjennomføre prosjektet i faktisk samarbeid med den prosjektansvarlege og andre eventuelle samarbeidspartnarar.

**Signere/signering:** Elektronisk aksept av kontrakten i det elektroniske systemet til Forskingsrådet og/eller fysisk signatur på avtaledokumentet.

**Tilsegn:** Løfte frå Forskingsrådet om tilskot til prosjektet på visse vilkår.

**Underleverandør:** Aktør som leverer varer og/eller utfører tenester i prosjektet på oppdrag frå den prosjektansvarlege og/eller eventuelle samarbeidspartnarar, og som ikkje er samarbeidspartner eller FoU-leverandør.

## **2 Prosjektet**

### **2.1 Prosjektgjennomføring**

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med kontrakten.

Dersom Forskingsrådet har innvilga søknaden utan krav om utarbeiding av særskilt avtaledokument, skal prosjektet gjennomførast i samsvar med søknaden og Generelle vilkår for FoU-prosjekt.

Den prosjektansvarlege skal følge gjeldande lovar og forskrifter, anna offentleg regulering, etiske retningslinjer og anerkjente kvalitetsstandardar og normer for god forskningsskikk.

### **2.2 FoU-leverandørar**

Den prosjektansvarlege og/eller samarbeidspartnaren kan inngå avtale med FoU-leverandørar innanfor dei rammene som følger av kontrakten.

Bruk av FoU-leverandør fritar ikkje den prosjektansvarlege frå forpliktingane sine og ansvaret sitt i samsvar med kontrakten.

Den prosjektansvarlege pliktar å sikre at FoU-leverandørar overheld dei rettane og forpliktingane som følger av kontrakten.

Eventuelle endringar i samansetninga av FoU-leverandørar, slik det går fram av avtaledokumentet, føreset skriftleg godkjenning på førehand frå Forskingsrådet.

Den prosjektansvarlege pliktar å sikre at FoU-leverandørar leverer tenestene sine på vilkår som sikrar at den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarar ikkje tar imot indirekte statsstøtte frå FoU-leverandøren, i samsvar med beskriving i retningslinjene til ESA for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon.

### **2.3 Underleverandørar**

Den prosjektansvarlege og/eller eventuelle samarbeidspartnarar kan inngå avtale med underleverandørar innanfor dei rammene som følger av kontrakten.

Bruk av underleverandør fritar ikkje den prosjektansvarlege frå forpliktingane sine og ansvaret sitt i samsvar med kontrakten.

Underleverandørar kan ikkje bli gitt rettar til prosjektresultat.

Den prosjektansvarlege pliktar å sikre at underleverandørar overheld dei rettane og forpliktingane som følger av kontrakten.

### **3 Prosjekt med samarbeidspartnarar**

I prosjekt med samarbeidspartnarar skal den prosjektansvarlege representere samarbeidspartnarane overfor Forskingsrådet.

Den prosjektansvarlege skal inngå samarbeidsavtale med samarbeidspartnarane. Viss ikkje anna er skriftleg avtalt, skal slik samarbeidsavtale ligge føre innan tre månader etter at Forskingsrådet har sendt over kontrakten til den prosjektansvarlege, og alltid før Forskingsrådet betaler ut midlar.

Samarbeidsavtalen skal regulere dei gjensidige rettane og pliktene til den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarane, inkludert fordeling av prosjektkostnader, eigarskap til forskingsinfrastruktur og rettar mv. til prosjektresultat, jf. punkt 8.3.

Den prosjektansvarlege skal sørge for at samarbeidsavtalen speglar vilkåra og føresetnaden til kontrakten, inkludert at samarbeidspartnarane blir pålagde dei forplikingane den prosjektansvarlege er pålagd, så langt det er relevant for rolla samarbeidspartnarane har i prosjektet, og at samarbeidspartnarane heile tida er kjende med relevante delar av kontrakten. Den prosjektansvarlege skal bl.a. sikre at løyvinga blir disponert i samsvar med kontrakten og sørge for at samarbeidspartnarane som tar imot støtte, fører og sender over kostnadsrekneskap til den prosjektansvarlege som grunnlag for utarbeiding av prosjektrekneskap som tilfredsstillar krava i kontrakten, jf. punkt 6.

Samarbeidet skal skje på vilkår som sikrar at verken den prosjektansvarlege eller samarbeidspartnarar tar imot indirekte statsstøtte, i samsvar med beskriving i retningslinjene til ESA for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon.

Forskingsrådet kan stille særlege krav til samarbeidet.

Inngåing av samarbeidsavtalen endrar ikkje ansvaret til den prosjektansvarlege etter kontrakten.

Forskingsrådet skal gjennom samarbeidsavtalen bli gitt rett til å utøve rettane til den prosjektansvarlege etter samarbeidsavtalen så langt det er nødvendig for at Forskingsrådet skal kunne utøve sine rettar etter kontrakten (inkludert føresegner om teieplikt, kontroll og revisjon mv.).

Eventuelle endringar i samansetninga av samarbeidspartnarar, slik det går fram av avtaledokumentet, føreset skriftleg godkjenning på førehand frå Forskingsrådet.

### **4 Utbetaling, overføring og atterhald**

#### **4.1 Utbetaling**

Utbetaling av midlar føreset at kontrakten er signert av begge partar og mottatt av Forskingsrådet saman med kopi av eventuelle samarbeidsavtalar, og at Forskingsrådet har mottatt opplysningar om bankkontonummeret til den prosjektansvarlege på angitt måte. Utbetaling skjer til den oppgitte bankkontoen.

Viss ikkje anna er skriftleg avtalt, blir midlane utbetalte automatisk tertialvis på grunnlag av den avtalte finansieringsplanen og løyvinga til Forskingsrådet slik ho er spesifisert i avtaledokumentet.

Siste utbetaling blir ikkje utført før sluttrapporten og/eller årsrekneskapsrapporten er levert og godkjend, jf. punkt 7.3.

#### **4.2 Stans av utbetaling**

Forskingsrådet kan stanse vidare utbetaling dersom Forskingsrådet finn at gjennomføringa av prosjektet avvik frå kontrakten, eller andre forhold gir grunnlag for det, jf. punkt 4.7.

#### **4.3 Overføring av ubrukte midlar frå det enkelte budsjettåret**

Forskingsrådet kan etter grunnlagt søknad frå den prosjektansvarlege samtykke til overføring av unytta andel av løyvinga frå eitt budsjettår til det neste. Den prosjektansvarlege må seinast ved utgangen av kalenderåret som midlane er gitt for, sende slik søknad om overføring til Forskingsrådet.

Dersom Forskingsrådet ikkje gir samtykke til at dei ubrukte midlane kan overførast, blir dei trekte frå det samla løyva beløpet. Dersom midlane allereie er utbetalte, vil Forskingsrådet redusere utbetalinga for neste år med tilsvarande beløp eller krevje at ubrukte midlar blir betalte tilbake.

#### **4.4 Redusert utbetaling og tilbakebetaling som følge av lågare prosjektkostnader**

Dersom prosjektkostnadene er lågare enn det som følger av kostnadsplanen, utbetaler ein ikkje eventuelle overskytande midlar som ikkje allereie er utbetalte. Utbetalte midlar som overstig Forskingsrådet sin avtalte andel av prosjektkostnadene, skal betalast tilbake på den måten Forskingsrådet viser til.

#### **4.5 Tilbakebetaling som følge av feilutbetaling**

Viss Forskingsrådet har utbetalt eit høgare beløp enn det som følger av løyvinga, skal den prosjektansvarlege tilbakebetale differansen omgåande. Med mindre feilutbetalinga kjem av forhold på Forskingsrådet si side, kjem det til rente i samsvar med forseinkingsrenteloven (LOV-1976-12-17-100) frå den dagen den prosjektansvarlege tok imot midlane.

#### **4.6 Motrekning**

Forskingsrådet kan motrekne for mykje utbetalte midlar i resterande utbetalingar eller i andre krav den prosjektansvarlege måtte ha mot Forskingsrådet, inkludert ikkje utbetalte midlar i andre prosjekt. Dette gjeld uavhengig av tidspunktet for når kravet oppstod eller forfall.

#### **4.7 Atterhald**

Løyving blir berre gitt for eitt budsjettår om gongen. Eventuelle tilsegner for etterfølgande år er ikkje bindande for Forskingsrådet med mindre dette er særskilt fastsett i avtaledokumentet.

Utbetaling av løyvinga første året og innfriing av eventuelle tilsegner for etterfølgande år føreset at det ikkje skjer endringar i offentlege reguleringar (regelverk, standardar, lovar mv.) eller oppstår

andre uføresette omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller for Forskingsrådet si evne til å bidra til gjennomføringa.

Innfriing av tilsegna til Forskingsrådet for etterfølgande år føreset vidare blant anna

- at det ikkje ligg føre avvik og/eller misleghald av kontrakten
- at Forskingsrådet godkjenner framdriftsrapporten til prosjektet og eventuelle endringsmeldingar, jf. punkt 7.2

Dersom éin eller fleire av desse føresetnadene ikkje er oppfylte, kan Forskingsrådet stanse eller endre framtidige løyvingar og tilsegner. Forskingsrådet kan også krevje at heile eller delar av den utbetalte løyvinga blir betalt tilbake, eller heve kontrakten i samsvar med punkt 18 dersom vilkåra for dette ligg føre.

## **5 Prosjektkostnader som gir rett til støtte**

Prosjektet kan berre bli belasta med direkte og indirekte kostnader som er nødvendige for gjennomføringa av prosjektet, og som er i samsvar med kostnadsplanen.

## **6 Rekneskap**

Den prosjektansvarlege skal føre ein eigen prosjektrekneskap over prosjektfinansiering og prosjektkostnader.

Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal gå fram av den offisielle rekneskapen til den prosjektansvarlege. Rekneskapsføringa skal haldast kontinuerleg à jour. Opplysningar som har betydning for utarbeiding av pliktig rapportering i samsvar med kontrakten, skal uansett vere registrert innan dei tidsfristane som gjeld for slik rapportering. Prosjektrekneskapen skal oppfylle krava Forskingsrådet fastset i retningslinjene sine for dette og elles vere i samsvar med god rekneskapsskikk og vanlege rekneskapsprinsipp.

## **7 Rapportering**

### **7.1 Generelt**

Den prosjektansvarlege skal utarbeide og levere avtalte rapportar innanfor dei tidsfristane, på den måten og i det formatet Forskingsrådet angir. Opplysningane skal vere oppdaterte og oppfylle dei retningslinjene som til kva tid gjeld for Forskingsrådet.

Alle endringar og avvik i prosjektet og frå kontrakten skal meldast uoppfordra til Forskingsrådet utan ugrunna opphald på det formatet Forskingsrådet angir.

Den prosjektansvarlege skal arkivere sluttrapport og prosjektdata på ein forsvarleg måte i minimum ti år etter at kontraktsperioden er avslutta.

### **7.2 Framdriftsrapportering og meldingar om prosjektendringar**

I framdriftsrapporten skal den prosjektansvarlege gi opplysningar om oppnådde resultat i prosjektet.

Framdriftsrapporten og eventuelle endringsmeldingar må godkjennast av Forskingsrådet før løyvinga kan bli utbetalt og/eller tilsegna kan bli innfridd, jf. punkt 4.7.

### **7.3 Sluttrapport**

Med mindre ein annan frist er skriftleg avtalt, skal den prosjektansvarlege sende Forskingsrådet ein sluttrapport seinast éin månad etter utløpet av prosjektperioden.

Den prosjektansvarlege skal oppgi namn på arkiv eller datainfrastruktur der dei forskingsgenererte dataa/resultatdataa til prosjektet som kan vere relevante for gjenbruk, og all nødvendig dokumentasjon for gjenbruk av dataa (metadata), skal arkiverast.

For prosjekt som har levert ein datahandteringsplan, skal siste versjon av datahandteringsplanen leggest ved sluttrapporten.

Forskingsrådet skal godkjenne sluttrapporten.

### **7.4 Anna rapportering**

Forskingsrådet kan i rimeleg omfang krevje tilleggsrapportar for kortare periodar eller for bestemte delar av prosjektet.

For visse typar prosjekt krev Forskingsrådet innsending av årleg prosjektrekneskapsrapport. Dette går i tilfelle fram av avtaledokumentet.

På oppmoding frå Forskingsrådet skal den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarar vederlagsfritt og så langt som mogleg bidra til Forskingsrådet si evaluering og resultatmåling av prosjektet. Evalueringa omfattar ei vurdering av den faglege og økonomiske betydninga av prosjektresultata. Den prosjektansvarlege si plikt til å bidra gjeld i ein periode på inntil ti år etter levering av sluttrapport, med mindre noko anna er skriftleg avtalt.

Den prosjektansvarlege pliktar også å gi frå seg rekneskapsinformasjon og eventuelt andre statistiske opplysningar om prosjektet til nasjonal forskingsstatistikk.

## **8 Arbeidsgivaransvar**

Den prosjektansvarlege har arbeidsgivaransvar for eige personale som er tilknytt prosjektet.

## **9 Eigeomsrett, utnyttingsrett og lisensiering**

### **9.1 Forskingsinfrastruktur**

Forskingsinfrastruktur som er kjøpt med midlane til prosjektet, er den prosjektansvarlege sin eigedom der det ikkje er samarbeidspartnarar. I prosjekt med samarbeidspartnarar skal eigarskapet til forskingsinfrastrukturen vere regulert i samarbeidsavtalen, jf. punkt 3 og 9.3.



Den prosjektansvarlege og eventuelle samarbeidspartnarar med eigarskap til infrastrukturen skal sørge for at forskingsinfrastrukturen blir halden forsikra, i god stand og i drift i kontraktsperioden.

## 9.2 Prosjektresultat

### Rettar

Den prosjektansvarlege og eventuelle samarbeidspartnarar skal sikre seg rettane til kommersiell utnytting av prosjektresultat, og skal om nødvendig inngå avtalar med eigarar, tilsette (inkludert dei med fleire tilsettingsforhold), underleverandørar og andre for å oppnå dette.

Slik rettssikring medfører inga avgrensing i vernet av dei ideelle interessene til opphavsmannen etter åndsverkloven, og er ikkje til hinder for at det kan avtalast vederlagsordningar for opphavsmenn tilsvarende dei som gjeld for dei oppfinningane som kan patentrast, gjorde av tilsette, i samsvar med lov om retten til oppfinningar som er gjorde av arbeidstakarar.

Den prosjektansvarlege skal sørge for open tilgang til vitenskaplege publikasjonar knytte til prosjektresultata, inkludert at den prosjektansvarlege, samarbeidspartnarar og/eller forfattarar beheld tilstrekkelege immaterielle rettar til å overhalde krav om open tilgang, som nærmare beskrive i punkt 10. Det inneber blant anna at den prosjektansvarlege, samarbeidspartnarar og/eller forfattarar skal behalde ein rett utan vilkår til å gjere siste manusversjon etter fagfellelvurdering (AAM) og/eller den utgitte versjonen til forlaget (VoR) av ein vitenskapleg artikkel tilgjengeleg under ein open lisens gjennom eit ope arkiv, samtidig med at utgivaren publiserer han.

### Vern

Den prosjektansvarlege og eventuelle samarbeidspartnarar skal vurdere behovet for vern av prosjektresultat som kan ha forretningsmessig verdi, og sørge for slikt vern når behovet tilseier det. Dersom lovgivinga krev at rettane må registrerast for å oppnå vern, skal slik registrering skje.

### Utnytting

Prosjektresultata skal utnyttast innan rimeleg tid sett i forhold til eigenarten til bransjen eller marknaden, eigenarten til forskingsfeltet, og utviklings- og levetida og moglegheitene til å utnytte aktuelle produkt. Dersom den som har rettane til prosjektresultata, ikkje sørger for slik utnytting, kan personane som har skapt prosjektresultata, krevje rettane overførte til seg med mindre noko anna er avtalt mellom den prosjektansvarlege og desse personane, eller mellom partane i prosjekt med samarbeidspartnarar, jf. punkt 3 og 8.3. Dette gjeld ikkje

- dersom tiltak for utnytting er sett i gang, og denne prosessen går føre seg, eller
- dersom det at rettshavaren ikkje utnyttar eit prosjektresultat er av kommersiell betydning for utnyttinga av dei andre prosjektresultata til rettshavaren

### Overføring av prosjektresultata til utanlandske rettssubjekt

Overføring av eigarskap til og/eller lisensiering av eksklusive rettar til prosjektresultata til ein tredjepart som ikkje er samarbeidspartnar, og som er etablert i eit land utanfor EØS-området, krev skriftleg godkjenning frå Forskingsrådet. Forskingsrådet kan nekte overføring/lisensiering dersom ho vil vere i strid med nasjonale økonomiske interesser, etiske prinsipp eller omsynet til nasjonale tryggingssyn. Forskingsrådet kan alternativt sette vilkår for overføringa/lisensieringa. Viss Forskingsrådet ikkje svarer på oppmodinga om godkjenning innan fire veker etter å ha mottatt

skriftleg førespurnad, blir samtykke rekna for å vere gitt. Føresegna gjeld i prosjektperioden og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

### **Endring i eigarforhold – utanlandske eigarar**

Forskringsrådet skal varslast skriftleg og med det same viss ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtar avgjerande kontroll over den prosjektansvarlege, ved erverv av selskapsandelar (aksjar mv.), ved avtale eller på annan måte. Den prosjektansvarlege skal også varsle Forskringsrådet skriftleg og med det same viss ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtar avgjerande kontroll over samarbeidspartnarar etter at kontrakten er inngått.

Dersom endringane i eigarforhold inneber at prosjektresultata kan bli brukte i strid med nasjonale økonomiske interesser, etiske prinsipp eller omsynet til nasjonal tryggleik, har Forskringsrådet rett til å stille vilkår til prosjektet og prosjektresultata, inkludert om heilt eller delvis vederlagsfri overføring av prosjektresultata eksklusivt til Forskringsrådet. Forskringsrådet kan også heve kontrakten og krevje tilbakebetaling av utbetalt støtte i samsvar med punkt 17 og 18. Føresegna gjeld i prosjektperioden og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

### **9.3 Tilleggsføresegner for prosjekt med samarbeidspartnarar**

Samarbeidsavtalen mellom partane, jf. punkt 3, skal regulere eigarskap til forskingsinfrastruktur, rettar til, vern og utnytting av prosjektresultat, og bruk av og eventuell godtgjersle for prosjektbakgrunn og forskingsinfrastruktur som blir bringa inn i prosjektet.

Følgande prinsipp skal leggest til grunn:

- I prosjektperioden skal den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarane ha vederlagsfri bruksrett til alle prosjektresultat som er nødvendige for gjennomføringa av eige arbeid i prosjektet.
- Den prosjektansvarlege og samarbeidspartnarane skal ha bruksrett til prosjektresultat og prosjektbakgrunn på avtalte vilkår når det er nødvendig for å utnytte kommersielt prosjektresultat dei sjølv har rettar til i prosjektet.

## **10 Offentleggjing og arkivering**

### **10.1 Offentleggjing av prosjektresultat**

Med mindre anna følger av føresegnene i dette punktet, skal den prosjektansvarlege gjere prosjektresultata kjende så snart som mogleg og blant anna sørge for at formidlingstiltak og -planar som er angitt i kontrakten, blir gjennomførte.

Dersom offentliggjing er til hinder for vern eller kommersiell utnytting av prosjektresultata, kan offentliggjinga utsettast mellombels inntil slikt vern eller kommersiell utnytting er sikra.

I særlege tilfelle kan Forskringsrådet samtykke skriftleg til varig hemmelegghald av prosjektresultata. Dette gjeld ikkje for prosjekt med deltakarar frå universitets- og høgskulesektoren der universitets- og høgskuleloven er til hinder for slikt varig hemmelegghald.

Forskringsgenererte data skal vere allment tilgjengelege når prosjektet er avslutta, såframt det ikkje er særlege grunnar for noko anna eller kontraktsvilkår eller offentlege reglar hindrar det.

Den prosjektansvarlege skal sørge for at alle vitenskaplege publikasjonar om eller baserte på prosjektresultat, som er skrivne av forfattarar tilknytte den prosjektansvarlege eller samarbeidspartnarar, blir publiserte i samsvar med dei krava Forskingsrådet til kvar tid stiller til slike publikasjonar, tilgjengeleg gjennom <https://www.forskingsradet.no/forskningpolitisk-radgivning/apen-forskning/apen-tilgang-til-publikasjoner/>. Det inneber blant anna at vitenskaplege artiklar utan opphald skal gjerast tilgjengelege på internett med open tilgang under ei Creative Commons Namngiving CC BY 4.0-lisens dersom ikkje anna er avtalt med Forskingsrådet.

## 10.2 Arkivering av prosjektresultat

Den prosjektansvarlege skal sørge for at alle forskingsgenererte data, deriblant alle data som ligg til grunn for publikasjonar, blir arkiverte i sikre, digitale arkiv. Slik arkivering skal skje snarast og seinast innan to år etter at prosjektet er avslutta. Forskingsrådet kan pålegge at slike data og nødvendig dokumentasjon for gjenbruk av dataa (metadata) blir lagra i nærmare angitte sikre nasjonale eller internasjonale arkiv.

Den prosjektansvarlege skal arkivere ein versjon av fagfelleverderte vitenskaplege publikasjonar som bygger på forskning heilt eller delvis finansiert av Forskingsrådet, i eigna opne, digitale arkiv samtidig med at utgivaren publiserer dei. Den arkiverte versjonen skal vere siste manusversjon etter fagfellevurdering (AAM) og/eller versjonen forlaget har gitt ut (VoR).

## 10.3 Offentleggjering av prosjektinformasjon

Den prosjektansvarlege og eventuelle samarbeidspartnarar skal omtale løyvinga til Forskingsrådet i den utetterretta informasjonen sin om prosjektet.

Forskingsrådet har rett til å offentleggjere namn på den prosjektansvarlege, prosjektleiar, prosjektittelen, varigheita av prosjektet, prosjektsamandraget, populærvitenskapleg framstilling og løyvinga si.

Forskingsrådet kan offentleggjere prosjektresultat som er rapporterte i samband med framdrifts- og sluttrapportering, med mindre opplysningane er underlagde teieplikt.

Forskingsrådet kan i rimeleg omfang krevje at den prosjektansvarlege opprettar heimeside for prosjektet og deltar på relevante seminar, konferansar og andre formidlings- og nettverkstiltak.

## 11 Fortrulegheit

Forskingsrådet er underlagt lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd 19. mai 2006 nr. 16 (offentlegloven) og føresegner om teieplikt i lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker 10. februar 1967 (forvaltningsloven).

## **12 Overdraging**

Den prosjektansvarlege kan ikkje overdra, pantsette eller på annan måte disponere over kontrakten eller delar av han, inkludert løyvingar og tilsegner frå Forskingsrådet, utan at Forskingsrådet på førehand har gitt skriftleg godkjenning til det.

## **13 Skadeslausholding og ansvarsfritak**

Den prosjektansvarlege har ansvar for at gjennomføringa av prosjektet ikkje krenker rettane til tredjepart, inkludert opphavsrett og andre immaterielle rettar til tredjepart, eller på annan måte kan medføre krav frå tredjepart.

Den prosjektansvarlege skal halde Forskingsrådet skadeslaus for alle krav som måtte oppstå i samband med gjennomføringa av prosjektet, inkludert krav som følger av inngrep i immaterielle rettar.

Forskingsrådet er ikkje juridisk eller økonomisk ansvarleg for skade eller tap som følge av blant anna feil ved eller ukyndig bruk av utstyr, metodar eller program som er knytte til prosjektet.

## **14 Force majeure**

Kvar av partane skal utan ugrunna opphald varsle den andre parten dersom eit force majeure-tilfelle forhindrar vedkommande part frå å oppfylle forpliktingane sine etter kontrakten.

Ingen av partane er ansvarleg for manglande oppfylling av forpliktingar etter kontrakten som følge av force majeure.

Viss force majeure inneber ein risiko for at prosjektet ikkje kan gjennomførast i samsvar med kontrakten, skal partane møtast for å forhandle om nødvendige justeringar av kontrakten. Dersom partane ikkje blir einige om slike justeringar, kan Forskingsrådet stanse utbetaling av løyvinga inntil force majeure-tilfellet er over.

Dersom force majeure-tilfellet blir venta å vare eller har vart i meir enn 90 dagar, kan kvar av partane seie opp kontrakten med éin månads varsel.

## **15 Endringar**

Forskingsrådet kan utføre dei endringane som går fram av kontrakten.

Kvar av partane kan foreslå endringar i kontrakten. Endringane kan blant anna gjelde målet, omfanget ved prosjektet eller andre vilkår.

Endringar i kontrakten føreset at Forskingsrådet på førehand har gitt skriftleg samtykke til dei.

## 16 Kontroll, revisjon og opplysningsplikt

Forskingsrådet, Riksrevisjonen eller ein tredjepart utpeikt av Forskingsrådet har til kvar tid rett til å kontrollere at løyvinga blir nytta i samsvar med kontrakten.

På oppmoding frå Forskingsrådet eller Riksrevisjonen skal den prosjektansvarlege legge fram vedlegg, timelister, berekningar og anna relevant underlagsmateriale og andre opplysningar som Forskingsrådet og/eller Riksrevisjonen ber om for å kunne utføre ein slik kontroll.

Forskingsrådet og Riksrevisjonen kan krevje slik informasjon frå den prosjektansvarlege som er nødvendig for å kontrollere at reglane om offentleg støtte blir overhaldne.

## 17 Tilbakebetaling

Uavhengig av det som følger av pkt. 4, kan Forskingsrådet krevje heil eller delvis tilbakebetaling av utbetalte midlar dersom det ligg føre avvik og/eller misleghald av kontrakten, inkludert at prosjektet har tatt imot anna prosjektfinansiering enn føresett ved kontraktsinngåinga, eller dersom Forskingsrådet har utbetalt midlar som vil utgjere ulovleg statsstøtte.

## 18 Heving

### 18.1 Forskingsrådet sitt høve til heving

Forskingsrådet kan heve kontrakten dersom den prosjektansvarlege vesentleg har misleghalde forpliktingane sine.

Som vesentleg misleghald reknar ein blant anna

- at det ligg føre vesentlege avvik i forhold til framdriftsplanen eller andre forhold regulerte i kontrakten
- at den prosjektansvarlege har brote forpliktingane sine til arkivering og rapportering, inkludert at rapporteringa gir eit misvisande bilde av dei faktiske forholda, jf. høvesvis punkt 7 og 10
- at dei utbetalte løyvingane er brukte i strid med kontrakten
- at forskingsinfrastrukturar ikkje blir haldne forsikra, i god stand og i drift i kontraktsperioden, jf. punkt 9.1
- at den prosjektansvarlege driv verksemd som er uforlikleg med gjeldande lovgiving eller formåla og retningslinjene til Forskingsrådet
- at den prosjektansvarlege ikkje vil eller ikkje er i stand til å fullføre prosjektet

Forskingsrådet kan dessutan heve kontrakten

- dersom ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtar avgjerande kontroll over den prosjektansvarlege og vilkåra i punkt 9.2 siste avsnitt er oppfylte
- dersom det er meldt oppbod eller opna konkurs eller akkordforhandlingar hos den prosjektansvarlege, eller det på anna grunnlag er svært sannsynleg at den prosjektansvarlege er insolvent

- dersom verksemda til den prosjektansvarlege er vedtatt oppløyst, eller det er svært sannsynleg at vilkåra er oppfylte for å treffe ei avgjerd om oppløysing av verksemda ved tvang
- dersom sentrale føresetnader for kontraktsforholdet sviktar, inkludert at Forskingsrådet ikkje får dei nødvendige midlane stilte til rådvelde, det skjer endringar i offentlege reguleringar eller det oppstår andre uføresette omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller Forskingsrådet si evne til å bidra til dette, jf. punkt 4.7

## **18.2 Prosedyre ved heving**

Den prosjektansvarlege skal varslast før Forskingsrådet avgjer å heve kontrakten.

Heving av kontrakten skal skje skriftleg og vere grunnmitt.

## **18.3 Krav om tilbakebetaling ved heving**

Viss Forskingsrådet hevar kontrakten i samsvar med punkt 18.1, kan Forskingsrådet krevje heil eller delvis tilbakebetaling av utbetalte løyvingar med tillegg av forseinkingsrenter i samsvar med forseinkingsrenteloven (LOV-1976-12-17-100) frå hevingstidspunktet.

Den prosjektansvarlege skal varslast før Forskingsrådet avgjer å krevje tilbakebetaling.

## **18.4 Overføring av rettar til prosjektresultat ved heving**

I staden for tilbakebetaling kan Forskingsrådet krevje å få overført rettane til prosjektresultata. Krav om slik overføring skal skje skriftleg. Den prosjektansvarlege pliktar å overføre rettane utan ugrunna opphald og skal dekke kostnadene ved overføringa. Eigeomsretten går over frå den prosjektansvarlege til Forskingsrådet eller tredjepart ved overføring.

## **19 Varigheita av kontrakten og opphøyr**

### **19.1 Generelle føresegner**

Kontrakten gjeld frå det tidspunktet han er signert av begge partar og Forskingsrådet har mottatt han og kopi av eventuelle signerte samarbeidsavtalar. Kontrakten blir avslutta utan varsel når prosjektet er avslutta og sluttrapport er innlevert og godkjend.

Kontraktsopphøyr fører ikkje til at kontraktsføresegner som etter sin art ikkje er avgrensa til kontraktstida, blir avslutta. Dette gjeld blant anna føresegnene om prosjektrekneskap, rapportering, overdraging av prosjektresultat og offentleggjering.

### **19.2 Avslutning av kontrakten ved einigheit**

Partane kan ved skriftleg einigheit avvikle kontrakten før prosjektperioden er avslutta.

## **20 Lovval/verneting**

Kontrakten er underlagd og skal fortolkast i samsvar med norsk rett.

Tvistar skal avgjerast ved dei ordinære domstolane. Oslo tingrett er vedtatt som verneting. Dersom den prosjektansvarlege er ei statleg verksemd, skal tvistar leggest fram for Kunnskapsdepartementet, som tar stilling til korleis dei skal avgjerast.